

Suveren innviing av SmakifråJazzscene!

22.04.2016



Super jazzduo på Oska: Ole Amund Gjersvik og Marita Moe Sandven

- Tenk, dette kan vi få oppleva i Uskedalen! Heilt fantastisk!! Det var ein av dei mange overstrøymane uttalane eg plukka opp etter at vokalist Marita Moe Sandven og bassisten Ole Amund Gjersvik hadde innvia SmakifråOska som jazzscene fredag kveld. Dei frammøtte fekk oppleva ein konsert som verkeleg skaper forventningar til det som kjem til å skje på denne jazzscenen framover.

Etter at ei god del av gjestene hadde hatt eit fortreffeleg trerettars måltid, var det rigga til intimkonsert med småbord framfor scenen. Underteikna var spent på kva som var i vente. Frijazzimpro høyrddest både spennande, uforutsigbart og spesielt ut.

Innleiingsvis fortalde dei to at dette samarbeidet kom i stand etter ein konsert med tradjazzbandet Osøren jazzensemble 17.mai i fjar. Meininga var først å utforska standardlandskapet med velkjente svisker, men etter forslag frå Gjervik utvikla samarbeidet til frijazzimpro.

Dei to musikarane skapte musikken gjennom felles improvisasjonar som dei gjorde opptak av. Det beste vart så spela inn på plata 'Into the Beast'. Berre to av tekstane var skrivne på førehand.

Konserten var ei gjenskaping av albumet. Publikum fek oppleva ein fantastisk stemning. Å oppleva at kun ein vokalist og ein bassist kunne gjera rommet så stemningsfullt, var mest ufatteleg. Medan Ole Amund Gjersvik skapte variasjon og stemning ved å bruka kontrabassen på alle mogelege uttrykksfulle måtar, imponerte Marita Moe Sandven med stemme som understreka dette. Eit lydhørt publikum medverka til den gode stemninga.

Etter konserten var det mange som nytta høve til å takka dei to musikarane for den flotte stunda. No gleder vi oss berre til neste jazzkveld på Oska. Roy Lervåg har fleire spennande konsertar innan ulike jazzsjangrar på planen. Vi er heldige i Uskedalen. Eg trur faktisk opningsreplikken kan verta ein gjenganger!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Roy Lervåg